

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest
Avdeling: Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 13/3539-1

Omklassifisering av vegnettet som følge av Bremangersambandet II

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. 0,6 km fylkesveg til Smørhamn ferjekai vert nedklassifisert til kommunal veg.
2. 0,4 km fylkesveg ved Kjelkenes ferjekai vert nedklassifisert til kommunal veg.
3. Vegarmane vert sette i stand i samsvar med krav i NA-rundskriv nr. 97/12.
4. Bremanger kommune får overta ferjekaiene på Smørhamn og Kjelkenes med teknisk utstyr slik dei står i dag.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Statens vegvesen 10. august 2012
2. Uttale frå Bremanger kommune 25. januar 2013
3. Uttale frå Helse Førde HF 14. desember 2012
4. Brev frå Statens vegvesen 2. april 2013

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Veglova
2. NA-rundskriv nr. 97/12

SAKSFRAMSTILLING

BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

16. mai 2013 opnar Bremangersambandet del II, med ny veg på strekninga Kolset – Sørдал i Bremanger kommune. Ferjesambandet Smørhamn – Kjelkenes vart lagt ned.

Fylkeskommunen kan gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg etter at kommunen har uttala seg, jf. Veglova § 7:

«Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.»



Problemanalyse


Det har vore ein føresetnad at ferjesambandet Smørhamn - Kjelkenes skulle leggjast ned når vegsambandet Kolset – Sørdal (Bremangersambandet II) opna. Då det ikkje lenger skal vera ferjedrift her, er det nødvendig å legge ned eller omklassifisere ferjekaier med tilkomst.

Framlegg til ny klassifisering

Statens vegvesen rår til at Bremanger kommune får overta vegar og ferjekaier, inkludert ferjlemmar og anna utstyr, vederlagsfritt. Dette medfører følgjande:

Status før omlegging Bremangersambandet II		Status etter opning av Bremangersambandet II	Lengde (km) veg med ny status
Fv. 616	Tilkomst til Smørhamn ferjekai	Kommunal veg	0,594
Fv. 616	Tilkomst til Kjelkenes ferjekai	Kommunal veg	0,425

Kaia på Smørhamn vil framleis fungere som kai for ekspressbåt. I høyringsbrev til kommunen foreslo Statens vegvesen at kommunen overtek ansvaret for heile kaianlegget, med tilførselsveg, og at ferjlem, hydraulisk styresystem og tårn blir fjerna.



Det er ikkje planlagt å ha rutegåande trafikk frå Kjelkenes. Statens vegvesen foreslo å nedklassifisere vegen til ferjekaien til kommunal veg. Kommunen kan overta kaiområdet etter at ferjelem, hydraulisk styresystem og tårn er fjerna. Dersom ikkje kommunen ynskjer å overta vegen, kan den leggest ned som offentleg veg.



Uttale frå Bremanger kommune

Bremanger kommune har gjeve følgjande uttale til saka:

«Bremanger kommune behandla høyringsbrev under sak 3/13-Referatsaker på møte i går 24.01.2013 og har følgjande innspel:

- *Bremanger Kommune ynskjer å behalde ferjeanlegga med ferjelem, hydraulisk styresystem og tårn både i Smørhamn og på Kjelkenes og at dette forblir i fylkeskommunen sitt eige.*
- *Bremanger Kommune ynskjer at vegarmane inn til ferjeanlegga fortsatt forblir i fylkeskommunen sitt eige.*

Argumentasjon for dette er:

Etter det Bremanger Kommune får opplyst vil båten MS Sylvarnes som skal gå i kystvegekspressen mellom Måløy-Smørhamn og Florø frå 01.mai 2013 kunne ta med seg bilar. Sjølv om det i ruta er lagt opp til at denne kun skal vera passasjerførande vil Bremanger Kommune jobbe for at ein også utnyttar den bilførande kapasiteten på båten når denne er tilgjengeleg. Kystvegekspressen er ei fylkeskommunal rute og vi føler at det då er naturleg at kaienlegget forblir i fylkeskommunen sitt eige.

Det er òg fornuftig å behalde ferjeanlegga sett frå eit beredskapsperspektiv. Vi har av erfaring sett at vegen kan bli stengt i lengre periodar både i Magnhildskaret og på Oldeidefjellet. Då må ein ha den moglegheiten at ein kan bruke bilførande ambulansébåt enten frå Smørhamn eller Kjelkenes til Florø for å koma raskast mogleg til sjukehuset i Førde. Utfrå den sårbare infrastrukturen i Bremanger Kommune og mot Flora kommune føler vi det er viktig å kunne ha alternative løysingar om/ når behovet er der.»

Uttale frå Helse Førde HF

Helse Førde er ikkje formell høyringsinstans i slike saker, men dei har likevel engasjert seg i saka og gjeve uttale:

«For Helse Førde er det av stor interesse at ferjelemmen i Smørhamn framleis blir ståande og at denne kan vere operativ trass i opning av Bremanger 2. Helse Førde meiner dette og kan vere av stor interesse for andre instansar/ etatar og ikkje minst for Bremanger kommune.

Ved ambulanseoppdrag i Bremanger, har Helse Førde høve til å nytte bilførande ambulansébåt frå Florø. Dette gjev oss høve til effektiv pasientflyt og ilandføring av ambulanse. Vi har erfart at vegsambandet RV 614 Svelgen – Grov ved fleire høve har vore stengt, både av kortvarig og langvarig art. Vi ser på dette vegsambandet som utsett for vegstenging. For ytre delar av Bremanger kommune vil ein operativ ferjelem i Smørhamn vere ein viktig beredskapsmessig tryggleik.

Vi vonar dette innspilet vert teke med vidare i prosessen på endring av status på veggrunn. Dersom Bremanger kommune tek over ansvar for vegen som kommunal veg, vonar vi og på ei løysing som sikrar at ferjelem og hydrauliske styresystem framleis vert ståande.»

VURDERING OG KONSEKVENSA

Bremanger kommune og Helse Førde HF ynskjer å oppretthalde muligheita til å trafikkere kaiene på Smørhamn og Kjelkenes med bilførande båtar i framtida. Dette for å utnytte den båtførande kapasiteten til kystvegekspressen mellom Måløy, Smørhamn og Florø, samt av omsyn til beredskap når vegen over Magnhildskaret og Oldeidefjellet er stengt.

Fylkeskommunen er ikkje eigar av ekspressbåtkaier med tilførselsvegar i dag. Desse er eigd av kommunar eller private. Eigarane kan få inntekter frå dei som trafikkerer kaiene. I Flora-bassenget er det Flora kommune som eig kaiene. Dette gjeld også den nye ferjelemmen i Villevika som vart finansiert av fylkeskommunen og bygd av Statens vegvesen.

Fleire kommunar er i dag eigar av ferjekaier som tidlegare var ein del av riksvegnettet. Døme på ferjekaier som er overtekne av kommunar etter at det er komne nye vegsamband er Gudvangen i Aurland kommune, Fjærland i Sogndal kommune og Nordeide i Høyanger kommune.

Ut frå dette meiner Statens vegvesen at det ikkje er grunn til å oppretthalde veg og ferjekai på Smørhamn som fylkesveg.

Når det gjeld Kjelkenes er det ikkje planar om rutegåande transport her. Vegen vert hovudsakleg tilkomst til småbåthamna. Når Magnhildskaret er stengt, vil det vera omkøyring

nordover mot Oldeide – Måløy eller Isane – Stårheim. Det er også mogleg å køyre fylkesveg 577 til Villevika og nytte ferjekaia der. Det er difor ikkje grunnlag for å oppretthalde status som fylkesveg med ferjekai på Kjelkenes.

Statens vegvesen har vore i telefonkontakt med ordføraren i Bremanger om denne saka der innhaldet i saka vart presentert. Tilbakemeldinga var at Bremanger kommune primært ynskjer at fylkeskommunen framleis har ansvar for tilkomsten til kaiene på Smørhamn og Kjelkenes, og at ferjlemmar og teknisk utstyr ikkje blir demonterte. Dersom nedklassifisering likevel blir gjennomført, ynskjer han at kommunen får høve til å overta ferjekaiene slik dei står. Statens vegvesen meiner dette vil vera den beste løysinga dersom kommunen ynskjer å ha høve til å nytte kaiene som beredskapskaier i framtida. Kommunen må då ta ansvar for trygging og vedlikehald av kaianlegga og teknisk utstyr.

Dette er også omtalt i brev til Bremanger kommune datert 2. april (vedlagt). I dette brevet vert det retta opp feil i lengdemålinga av dei vegarmane som Statens vegvesen tilrår vert nedklassifiserte. Det har ikkje kome reaksjon frå kommunen på dette.

Økonomi

Bremangersambandet II medfører at fylket får om lag 5,5 km ny fylkesveg mellom Bortnen og Sjørdal. Om lag 1 km fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg. Den auka veglengda, inkludert 4,8 km ny tunnel, vil auke fylkeskommunen sine årlege driftsutgifter til veg.

Innsparing i ferjedrifta som følgje av at ferjesambandet mellom Smørhamn og Kjelkenes blir lagt ned, er ein del av finansieringa av det nye vegsambandet.

Endring i veglengd vil inngå i grunnlaget for berekning av dei årlege overføringane frå staten til fylke og kommune.

KONKLUSJON

Fylkesrådmannen rår til at om lag 1 km fylkesveg til Smørhamn ferjekai og Kjelkenes ferjekai vert nedklassifisert til kommunal veg.

Vegarmane vert sette i stand i samsvar med krav i NA-rundskriv nr. 97/12.

Bremanger kommune får overta ferjekaiene med teknisk utstyr slik det står i dag. Kommunen må ta ansvar for kaiområda og vedlikehald av kaiar og teknisk utstyr.